



## Årsmelding Hopp – kombinert.

### Trening – samlingar:

Skikretsen saman med Bulken IL hadde felles innetrenings på Bulken skule frå oktober og fram til jol. Trenarar var Gaute Brekke og Arnfinn Gjerstad.

Utover vinteren var det trening to gonger i veka i Tunåsen frå K8 – K 40m.

Bulken har hatt Telenorkarusell både i hopp og kombinert.

**Skileik** – hoppleik har vorte arrangert både i Tunåsen og i dei små Framnesbakkane. På Framnes i regi av kretsen.

**Renn :** Skikretsen arrangerte rekruttren i Framnesbakkane – med 20 deltagarar – derav 8 jenter. Berre to hadde erfaring med hopp.

Tunåsen har hatt 4 renn – derav eit felles renn med Vestlandske skistemne og Bulken som arr. Bulken har hatt tre renn. I fire av renna vart det og kombinert.

Siste rennet var og KM stor bakke – HS 75 – Tunåsen.

Resultat : Kombiertløpar, Sindre Ure Søtvik har hatt fleire topp 5 i NC.

Under NM i Molde var han tilbake i Norgestoppen med sølvmedalje – framføre alle landslagsløparane. Han satsar vidare på LNC – Lillehammer Nordic Combined.

## **Framtid:**

Sauda IL –Hordaland og Sogn satsar på oppstart med regionlag , med Gyda Enger , Gaute Brekke og delvis Lars Bystøl som trenarar . Tilbodet til hopparar 12 år og eldre må betrast. Økonomien må styrkast til dette. Plasthopping i K 52 og K 25 på Framnes er del av dette om Eldar får sett bakkane i stand att.

Bilete 3 flotte 13 åringar frå Bulken med KM medaljer.

Tunåsen , fantastisk hoppanlegg, bak.